


# Skolemiljøet til elevane

Til deg som er elev



## Godt skolemiljø

De som elevar har rett til eit godt skolemiljø der de er trygge, trivst og kan lære. Dette er bestemt i ei lov som heiter opplæringslova.

Elevar og tilsette må oppføre seg bra mot kvarandre på skolen. Du skal til dømes ikkje bli mobba, utestengd eller slått. Ingen skal seie noko negativt til deg om utsjånad, klede, tru, seksuell legning, dialekt eller andre ting.

Lærarar, rektor og andre tilsette må arbeide for at de som elevar skal ha det bra på skolen. Dei som jobbar på skolen, skal vite korleis dei kan oppdage problem, og korleis dei kan løyse dei.

## Du veit best korleis du har det

Korkje rektor, lærarar eller andre elevar kan vite betre enn deg korleis du har det på skolen. Sei frå korleis du føler det! Sei også frå dersom du trur at andre elevar ikkje har det bra.

## Kva kan du gjere dersom skolemiljøet ikkje er godt nok?

Både du som elev og foreldra dine har rett til å be skolen setje i gang tiltak for at skolemiljøet skal bli betre. Det er frivillig å komme med forslag til kva skolen bør gjere.


## Korleis kan du seie frå?

Du kan seie frå både skriftleg og munnleg, men vi tilrår at du skriv eit brev eller ein e-post til skolen din. Det gjer at du etterpå kan bevise kva du har bedt om, og når du har bedt om det. Dersom du er usikker på kva du vil skrive, har vi laga ein mal. Han kan du laste ned frå [www.udir.no/elevenes-skolemiljo](http://www.udir.no/elevenes-skolemiljo).

Du kan kontakte skolen åleine eller saman med andre. Til dømes kan du skrive eit brev saman med ein venn eller saman med foreldra dine. Ein heil klasse eller elevrådet kan òg be om at skolen gjer noko med skolemiljøet.



Oh, look!





## Dei tilsette på skolen skal gripe inn dersom det skjer noko

Alle som jobbar på skolen, har plikt til å gjere noko dersom dei trur at ein elev ikkje har det bra på skolen. Dei skal så fort som mogleg prøve å finne ut kva som har skjedd.

Etter at dei som jobbar på skolen har funne ut kva som har skjedd, må dei seie frå til rektor.

## Kva skal rektor gjere?

Det er viktig at rektor tek dei som seier frå, på alvor. Rektor har ansvaret for at skolen gjer noko for å stoppe det som skjer. Rektor skal òg seie frå til foreldra om det som har skjedd.

Dersom du seier frå om noko, skal du og foreldra dine få eit brev frå rektor der det står kva skolen skal gjere. Det brevet blir kalla eit enkeltvedtak.

Svaret skal seie noko om kva skolen vil gjere vidare i saka, og det skal innehalde ei grunngiving. Svaret skal vere skriftleg. Det er mogleg å klage til Fylkesmannen dersom du ikkje er nøgd med svaret frå skolen, eller skolen ikkje gjer noko.

## Kan skolen fortelje andre at du har sagt frå?

Dersom det står noko i brevet eller e-posten din som er personleg, har ikkje skolen lov til å fortelje om det til nokon andre enn dei som *må* vite om saka. Skolen kan be om hjelp frå PP-tenesta eller andre for å finne ut kva dei skal gjere.

## Skolen skal høyre på kva du meiner

Du kan vere med og gi råd til skolen gjennom elevrådet og skolemiljøutvalet. Elevrådet skal mellom anna arbeide for å skape eit godt skolemiljø. Skolemiljøutvalet skal gi råd til skolen i arbeidet med skolemiljøet. Vi har laga ein rettleiar for dei som er med i skolemiljøutvala. Han kan du laste ned frå [www.udir.no/skolemiljoutvalg](http://www.udir.no/skolemiljoutvalg)



## Ressursar

Dette er nokre nyttige vegar vidare, dersom du vil setje deg inn i kva for lover og reglar som gjeld for skolemiljøet. Lovene finn du på **[www.lovdatab.no](http://www.lovdatab.no)**.

- I opplæringslova kapittel 9a finn du regelverket for skolemiljøet til elevane.
- I opplæringslova kapittel 11 finn du regelverket for brukarmedverknad i skolen.
- I forvaltningslova finn du reglane for korleis skolen skal behandle saka di.

Du kan òg gå inn på

**[www.udir.no/elevnes-skolemiljo](http://www.udir.no/elevnes-skolemiljo)**. Der kan du finne malar og annan nyttig informasjon om skolen sitt arbeid med skolemiljøet.

Kontaktinformasjon til Fylkesmannen i ditt fylke finn du på **[www.fylkesmannen.no](http://www.fylkesmannen.no)**

Du kan òg kontakte Elevorganisasjonen, sjå **[www.elev.no](http://www.elev.no)**.



Schweigaards gate 15 B  
Postboks 9359 Grønland  
0135 OSLO  
Telefon 23 30 12 00  
[www.utdanningsdirektoratet.no](http://www.utdanningsdirektoratet.no)